



Hardanger



Hardanger  
Ungdomsråd

... med auge for framtida!

## Møtereferat: Hardanger og Voss Ungdomsråd 09.03.2022

### Til stades:

Eidfjord kommune

Kvam herad

Kvam herad

Ullensvang kommune

Ulvik herad

Ulvik herad

Voss herad

Ungdomsrådsleiar Emilie Vivelid Tveit, Nestleiar

Ungdomsrådsleiar Sander Eide Aase, Leiar

Ungdomsrådsnestleiar Ida Djupevåg

Ungdomsrådsleiar Isak Al Bayati

Ungdomsrådsmedlem Johanna Hjeltnes

Ungdomsrådsmedlem Simen Bakken Ådland

Ungdomsrådsnestleiar Camilla Solberg

### Kontaktpersonar:

Kvam herad:

Siv Håbrekke

Voss herad:

Eivind Lorentzen Djønne

Ulvik herad:

Tor Hellesnes

Hardangerrådet:

Trude Lægreid Rinaldo

### Sakshandsaming:

#### HU-sak 12/22

#### Saker melde inn ved møtestart

- Vil diskutera at Ungdomskort i Vestland skal gjelda for ungdom frå 13 år.
- Framtidas reiseliv i Hardanger - kan HU gje ein kort uttale om tankar for det.
- Utdanningsfaget på ungdomskulane

#### HU-sak 13/22

#### Hardanger Ungdomsting 2022

Gjennomgang av program og detaljar. Invitasjon vert sendt ut denne veka.

#### HU-sak 14/22

#### Inspirasjonsforedrag rett i klasserom - Psykolog Maria Østhassel

HU ønskjer å gjennomføra foredraget kun digitalt. Administrasjonen gjer nødvendige avtaler. Dato er onsdag 19. oktober 2022. Må også avklara med skular for gjennomføring.

HU ønskjer at Maria tek opp konkrete utfordringar, og me lagar eit opplegg rundt foredraget.

#### HU-sak 15/22

#### Hardangerkonferansen 2022 - Kva vil de ta opp ?

Alle ungdomsråda tek spørsmålet med i sine møter og diskuterar det der.

#### HU-sak 12/22

#### Saker melde inn ved møtestart

- **Aldersgrense for Ungdomskort i Vestland skal gjelda for ungdom frå 13 år.**

Neste Fylkesting for ungdom, det øvste talerøyet for ungdom i Vestland fylke, skal vera på Voss 25.-27.03.2022. Sander kan ta spørsmålet opp der, han sit i utvalet. Sander oppmodar ellers alle ungdomsråda til å melda på 1 eller 2 representantar til samlinga.

- **Framtidas reiseliv i Hardanger - kan HU gje ein kort uttale om tankar for det.**

Norske turistar har hatt mykje å bety for Hardanger, og er bra. Må satsast vidare på.

Men det er ulike meiningar om kva reiseliv som er bra og ikkje bra. F. eks vart det ein tydeleg dialog for og imot cruise. Også tilbakemelding at Norske turistar har vore veldig bra for heile Hardanger, og absolutt noko Hardanger må satsa vidare på.

- **Utdanningsfaget: Sjå vedlegg**

Emilie har spurt elevar på Lægreid ungdomskule om utdanningsfaget og fått eit nedslåande resultat.

Tilbakemelding om at faget ikkje vert teke på alvor, og timane ofte brukt til å gjera lekser.

Det er tilfeldig kven som underviser, og lite kunnskap om moglegheitene. Dei er så tydelege at nokon berre formidlar kunnskap om eige yrke. Elevane syns det manglar formidling om alle moglegheitene som er i vidaregåande skule, og for mykje fokus på høgare utdanning. Og når dei spør om opptakskvoter, så var det ingen av lærarane som kjente til det. Det er ikkje godt nok meiner ho. Det er f.eks mogleg å bli lege, via ein kvote.

Tankar om struktur:

- Dei stiller spørsmål om kva elevane skal gjera på i 10. klasse etter å ha søkt seg vidare?
- Det er også ulikt på kva trinn og i kor mange av ungdomskuletrinna ein har dette faget. Ungdomsrådet meiner at 3 år med faget kanskje er formykje, og anbefalar å ha det i 9. og 10. At nokon skular berre har det i 8. vert heilt feil.

Hardanger ungdomsråd oppmodar alle råda til å ha ein liten lokal undersøkelse om korleis utdanningsfaget fungerer på sin skule. Dette vil me gjerne diskutera på Hardaner ungdomsting.

## **HU-sak 16/22                    Informasjon om arbeid frå kvart ungdomsråd**

### **Ullensvang**

Arbeider for at det vert 16. mai arrangement i Kinsarvik i år.

Gondolsak også diskutert blandt ungdom. Har hatt orienteiring, og skal ta stilling på neste møte.

### **Ulvik**

Trafikklyssaka har fått gjennomslag, lysa kjem.

Ungdomsrådet er etablert og er i ein god struktur.

Rådet støttar nasjonal kampsak for gratis bind og tampong på vgs.

2 ungdommar sit Cittaslow-rådet, som arbeider for bulyst og sentrumsutvikling, eit viktig arbeid.

### **Voss**

Var hjå Kirkens bymisjon og fekk høyra om deira arbeid, blandt anna at dei låner ut gratis utstyr.

Rådet har vore med i plansak om forbetring av overgang, plassering av ny brannstasjon og kommunal plan for korleis ein skal førebu sjølv mord og sjølvskading.

Dei er også med i arbeid for 16.mai arrangement i Huseskogen i Kinsarvik.

Om 2 veker reiser 10 deltakarar på demokratisamling på Utøya.

### **Kvam**

Har ikkje hatt møte sidan sist

Dei deltok på 8.mars markeing av kvinnetdagen.

Sander har vore på synfaring med Vestland ungdomsutval for ungdomskortet, og han håpar mange kan vera med på Fylkesting for ungdom på Voss om 2 veker.

### **Eidfjord**

Hadde møte i går, der dei blandt anna hadde orienteringar møte- og talerett i kommunestyret.

Dei planlegg Osloturen til våren, og skal laga ny gensar for Eidfjord ungdom.

Dei er med i idemyldring om ny badeplass i sentrum for lokalbefolkning.

For å skapa gode møteplassar for barn og unge, lagar dei ei spørjeundersøking, som skal vidare til kommunen.

Alle ungdomar får heimebuar stipend, og no vil dei dobbla summen til kr 2000,- pr måned.

Ungdomane sjølve har bestemt at auken på 1000,- kr skal setjast av i eit fond for å skapa bulyst i Eidfjord. Det skal vera eit fond der ungdom kan søkja midlar til aktiviteteskapande aktivitet i Eidfjord.

Dei har skreve ein uttale om utdanningsfaget. Vedlagt i vårt referat.

Referat Trude Lægreid Rinaldo